
Vår referanse 2021/16919-5
Dato 10.05.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Fråsegn til detaljregulering - gnr 324 bnr 4 m.fl. - Langeland B5 - Alver kommune

Vi viser til brev datert 29.3.2021 om høyring av forslag til detaljregulering for Langeland B5. Planforslaget legg til rette for ca. 60 nye bueiningar fordelt på einebustadtomter, rekkjehus og leilegheitsbygg. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekte regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering

Areal og transport


Planområdet ligger omlag ein kilometer frå Frekhaug senter, og ligger soleis godt lokalisert for å fremme gang- og sykkelmobilitet i kvardagen.

Samferdsel

Vi vil vise til Statens vegvesen si uttale til varsel om oppstart av detaljreguleringsplanen, datert 17.03.2016. Dei kravde at det måtte etablerast eit separat tilbod for gåande og syklande langs fv. 244 (no fv. 5308) Sagstadvegen før bustadområdet kan byggast ut.

I rekkjefølgjekrava i punkt 3.11.1 a) er lagt til tiltak utanfor planområdet før det vert gjeve byggeløyve i planområdet. Her vert det krevja opparbeidd tilbod for gåande og syklande jf. Vedteke reguleringsplan *fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244* med PlanID 125620170003, vedteke 17.09.2020. Vi meiner difor dette kravet er ivareteke, og at ein då vert sikra trafikktryggleik for gåande og syklande som skal i retning Frekhaug.

Statens vegvesen meinte og då at planområdet burde utvidast til å omfatte fv. 244 (no fv. 5308) frå kryss med Fossekavvegen til kryss med fv. 564 på Frekhaug. Vi meiner dette er ivareteke med den plan 125620170003.



Utsnitt frå reguleringsplan Langeland B5

Det er regulert fortau langs Fossekarvegen i aust, som nok skal koplatt på utbetringa av fv. 5308 (tidlegare 244) Sagstadvegen. Då det er lagt inn rekefølgjekrav om opparbeidinga av Sagstadvegen, meiner vi det og bør vera krav om opparbeiding av o_SF9 som ein del av før igangsetjingsløyve under punkt 3.11.2 i føresegna.

Denne planen grensar til fleire planar og det er difor viktig å kunne sjå heilheita i området og utanfor planavgrønsinga. Det er ikkje nemnd skuleveg i forbindelse med planen. Men vi ser at det går fortau langs Fossekarvegen i vest, utanfor planområdet, og det er eit overgangsfelt som kryssar fv. 5308 Sagstadvegen mot barneskulen her. Vi ser at dette vil vera eit knutepunkt for mjuke trafikantar frå dette planområdet i tillegg til nærliggande planområde. Vi vurderer at trafiktryggleiken for mjuke trafikantar ved kryssing av Sagstadvegen her er ivareteke.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagleiar

Liz Eva Tøllefsen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Saksbehandlarar:

Lillian Bakke Byrknes, seksjon for veg og infrastruktur

Sigrun Wølstad og Berit Vik, seksjon for kulturarv

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I Njøsavegen 2
VESTLAND

STATENS VEGVESEN LEIKANGER Askedalen 4
KONTORSTED